

"Frå menighet til samfunn"

Bern konvensjonen forpliktar. Me skal redusere tapet av biologisk mangfald. Me har eit internasjonalt ansvar i å ta vare på villreinen. Me har erkjent at dersom me skal ta vare på villreinen, må me fokusere på arealforvaltning og ikkje berre på kor stor eller lita stamma er. Frå stamme til areal. Skal me få til dette er det laga eit slagord om villreinen som seier - frå menighet til samfunn.

Til no har kanskje villreinforvaltninga vore mest knytta til å telje og jakte dyr av menn i 40 - 50 åra. Villreinen har verken hatt fokus i arealforvaltninga, ei heller som ein aktør i samfunnsutviklinga.

Bakgrunn

Vestheia og Austheia husar Europa sin sørlegaste villreinstamme. Store delar av Vestheia er verna for å ta vare på fjellandskapet og villreinen. Det er kome signal frå kommunane om at verneplanen i for liten grad avklarar mulighetane for utmarksbasert verdiskaping. Grunnen kan vere at han er for lite differensiert i høve til næringsaspektet knytt til utmark, som mange av kommunane er opptekne av. Det er og kome nye nasjonale signal om at målet om å sikre varige leveområde for villreinen skal oppfyllest gjennom regionale planprosessar, og ikkje med å opprette nye verneområde. Dette heng truleg saman med at det i seinare tid er blitt eit større og større fokus på korleis ein kan utnytte verneområde, natur og kultur til verdiskaping og til ei utvikling som styrkar busettinga og sysselsettinga i bygdene kring heieområda. Dette finn vi i den såkalla "fjellteksten".

Hausten 2003 sette ein i gong prosjektet "Villrein og samfunn". Prosjektet endar opp i ein del tilrådingar eller pillarar som forvaltninga av villreinfjella bør stå på i framtida. Mange av desse tilrådingane er tatt inn i Stortingsmeldinga, og det er no eit nasjonalt politisk mål å sikre varige leveområde for villrein. Tiltaka er å opprette ni nasjonale villreinområde og to europeiske villreinregionar. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei er eit av desse ni nasjonale villreinområda. Når alle dei ni fylkesdelplanane er ferdige, skal det opprettast to europeiske villreinregionar som speglar innvandringshistoria til villreinen. Europeisk villreinregion sør skal bestå av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane, Setesdal Austhei, Hardangervidda og Nordfjella.

Grensene til desse områda skal fastsetjast gjennom regionale planprosessar, kor ein ikkje berre fokuserer på vern men og bruk og muligheter for verdiskaping. Dette er godt i samsvar med regional- og distriktspolitikken kor ein i aukande grad fokuserer på heiområde og verneområde som ressursar for lokal- og regional utvikling. Reislivet tenkjer og slik utvikling for å få til reisemålsutvikling og gode reisemål. Sjå <http://www.fjellturisme.no/> og den nasjonale reislevsstrategien "Verdifulle opplevelser."

Samfunnsutviklinga gjer at leveområde til villreinen er utsett for utbyggingspress. Arealbruken til villreinen er regional medan samfunnsutviklinga i og kring heiene på mange måtar er lokal sidan det er kommuneplanane som avgjer utviklinga og arealvaltninga. Det er trong for eit regional perspektiv om ein skal klare å oppfylle målet om å sikre varige leveområde for villreinen. Fylkesdelplanarbeidet er komen som ei bestilling frå MD. Alle fylkeskommunane har handsama bestillinga og sagt ja til oppmodinga om å lage ein fylkesdelplan som "fastlegger en langsiktig og helhetlig

strategi for arealforvaltningen i planområdet. Planen skal forene målene om lokal omstilling og utvikling med nasjonale mål om en helhetlig forvaltning av fjellområdene og sikring av villreinsens leveområder."

Vestheia og Austhei er eit samanhengjande leveområde for villreinen og begge heiene er omfatta av fylkesdeplanarbeidet. Planarbeidet omfattar fylkeskommunane; Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark og kommunane; Odda, Suldal, Hjelmeland, Forsand, (Strand), Bjerkreim, Gjesdal, Sirdal, Kvinesdal, Hægebostad, Åseral, Bygland, Bykle, Valle, Åmli, Vinje, Tokke og Fyresdal. Det er oppretta ei politisk styringsgruppe for å lage planprogrammet. Gruppa har hatt eit møte. Det er oppretta ei administrativ plangruppe som fungerer til planprogrammet er godkjent. Det er tilsett prosjektleiar for sjølve planarbeidet.

I botn for vektingane som skal gjerast i planområdet for å kome fram til arealbruksstrategiar som inneber; bruk, vern og verdiskaping skal det vere eit villreinfagleg og biologisk fundert temakart - eit faktagrunnlag. Villreinen og arealbruken til villreinen kan sjåast på som ein av hovudpremissleverandørane i planlegginga. Temakartet er ikkje eit vernekart men eit faktagrunnlag for å vurdere kva som er mogleg av bruk og verdiskaping utan å koma i konflikt med målet om å sikre varige leveområde for villreinen. Temakartet er ikkje eit politisk dokument. Politikken kjem på banen i sjølve planarbeidet når ein skal avklare og vekte ulike interesser for å kome fram til arealbruksstrategiar som samsvarar med måla i planarbeidet. Her vil det vere aktuelt å bruke fleire temakart for å synleggjere ressursgrunnlaget og for å prioritere mellom arealbruksstrategiar. Me må tenkje breitt og langt fordi fylkesdelplanen skal medverke til ein heilskapleg og langsiktig samfunnsøkonomisk forvaltning av heiene. Temakartet vert laga av Norsk Villreinsenter Sør på Skinnarbu på oppdrag frå direktoratet for naturforvaltning.